Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Fylke Buskerud.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Modum

Emne: Brynet Bygdelag:

Oppskr. av: Jakob Andr. Samuelsen Gard: Åsen

(adresse): Sysle G.nr. 71 Br.nr. 15

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Helst eige røynsle J. A. S

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Himelsmann: Thorleiv Aslaksby T.A f. 19/12 87
: Thorkel Gunheim. T.G 70 år.

SVAR

I Telmarken kjörte dei stundo brynestein fram til vegane som vegfyll. Då råkte det at vegfarande folk tok med seg dei bryner dei trong.
Namnet på Modum er bryne (eit eller rettare et)
Arbeidet: Å bryne, brynte, brynt
Fine bryner av naturstein vert nemnd oljebryne
Namnet hein nyttas ikkje herover.

TG.

Sp1. Sjå ovafyre om bryne og hein.

Sp2. Brynestein fins vel knapt her i bygda. Brynene kom frå andre kantar og vart seld i butikkane. Annan brynehandel er ikkje kjend.
Kva som vert brukt mest enten bryner av kunststein eller av naturstein er ikkje godt å si. I seinare år har dei nok brukt mye kaborundumbryner. Håkonåsbrynene var frå gamalt kjend som gode bryner, men fortelljaren kunna ikkje si kor dei kom frå.

Sp3 Det vanlege er no å nytte vanleg slipestein fyrst og seinare bryne. Til sume slag snedkerreidskap bruker dei fyrst senne og so bryne. Forteljaren hadde høyd far sin fortelja om tynning av ljå og kanskje skyrur. Det var

230

vonleg folka på garden og slåttekarane som stod før arbeidet; men detta er nok lenge sia.

Penna nyttas som før nemd helst til snidkarreidskap.

Sp. 7. Ei strykestikke vart laga av bjørketre. Fyrst smurde ein på tjukk måling og strødde på fin sand. So kom det, når detta var tørka, eit nytt lag måling og sand, og slik heldt dei på til stikka var tjukk og rundaktig. Tjøru hövde mindre godt til detta for den smeltar i sola. Ein kan og bruke annan ved enn bjørk. Strykestikkene eller sandstikkene var au å få hjå kremmaranne (landhandlaranne)

T. A.




Detta brynet, som her er eit riss av, vart funni i Persbråtan på Modum under gnr. 72 på same stad som ei tjukknakka steinøks, som av finnaren vart gidd til universitetets oldsaksamling. Brynet brydde dei seg ikkje om, so det fekk je. Brynet er av gråleg lagdelt stein. Den innkole bryneflata B hövde fint åt den finslipa 4000 år gamle øksa, og er 2 cm tjukk. Brynflata er glatt og jamn, medan brynet elles ikkje er tilhoggi på noka vis.

Sp. 1 Sjå ovafyre! Barberknivar sliple dei helst på rund liten stein for å få han holslipt. Steinen blei sveiva unda eggen, ikkje imot som ved valeg kniv og økseslipning. Skulle stått under sp. 3.

„ 2. Sjå ovafyre

„ 3 —„—

„ 4. Ein mann på garden Ose i Bergsdalen Dale st. som alt i 1896 var hundgammal, hugsa dei brukte tynsleljå. Det vart bedre egg med tynning enn med



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

slipinga ville han ha det til, og det kan ikkje vera so urimeleg at ein slik tynhamra egg vart god, når dei endeleg fekk brynt'n grass (moingsuttale). Om sjölve tynninga har je aldri högrt noko.

Sp. 5 Senne vert enno brukt av snekkerar og stundo av andre og helst til höveltenner o. l.

Ein segjer å senne ei höveltann.

(„Vi får ta'a på senna". Sagt av TA)

Det fine brynet låg flatt, nedfelt litt, i ei fjöl festa til slipesteinkrakken for bryning av hövelltenner, koggjarn og knivar; men enkelte heldt eggjarnet roleg i vinstre handa og förte brynet med högra. Slipesteinen heldt seg helst heime, men dei hadde jamt slipesteinar på setrar og utslåtter, som låg so langt unna at det var best å ha stein. Slike steinar som helst var små, flatte dei vel stundo; men jamt tok dei med seg so mange slipete ljå at dei hadde ein tur.

Sp. 6. Den tid det var mykkje ljåslått brukte dei å byte i nyslipet ljå i öykta og slipe når dei var heime og åt, slik var det til alvisse uppi dalane. No dei berre slå langs gjerder og gröftekantar, er dei ikkje so nöye med hossen ljåen biter og skiftar sjeldnare. Det skjels mykkje slåttekaren.

„Det er ikkje ljåen som slår, det er eg som slår", hermer dei etter ein telemarking, som ikkje rekna so nöye med kor skarp ljåen var.

Sp 7 Sjå ovafyre om strykestikka. Den var grov og vart brukt når ljåen var skjemd og so brynte dei nok stundo etter med finare bryne.

Strykestikka vert brukt mest som eit anna bryne; men er lenger enn bryner flest.

Sp. 8. Dei tek nok jamnast ljåen av orvet når dei sliper skikkeleg. Dei heldt i alle höve eggen

230
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mot seg når dei sliper.

Sp. 9. Når dei bryner langljåen stør dei enden på orvet mot marka ved høgre foten og held over ljåen med vinstre handa medan dei bryner med høgra. Tvikendingsorvet held ein millom knea og stør ljåen med vinstra med ein bryner. Det korte stuttorvet stør ein mot kroppen som det høver til. Sjølve bryningja tok oftast til i tuppen og heldt på innover.

Tvikending og stuttljå vart lite brukt utpå bygdene her. Namna er frå Ål. I Uvdal hadde dei ikkje den mindste ljåen. Tvikending i Hallingdal svarar da til stuttljå i Uvdal og andre bygder med to slag ljå.

Sp. 10. Brynebutt og brynestrunt var namn je høyrde i Uvdal, men kan kje no segja om eit av dei er komne med framande slåttekarar t. d. frå Nes.

Brynebutten vart stundo laga av ein høveleg stor trekubbe som vart kløyvd i to, og so hola dei ut begge hølningane som ikkje var sletta på kløyvesidene. Desse høvde då vel når dei vart sett ikop att og vart vasstette når dei seinare vart surra med ei lang smal never.




Har og sett brynebuttar av blikk. Her i bygda var det berre fremmenfolk som brukte brynebutt.

Sp. 11 Det har ikkje je høyrd. Sp. 12 Brynebutten var festa bakpå buksa eller livreima. Her bar dei brynet i lomma. Sp. 13. Til sume bryner nytta dei oljemen det var kje vanleg. Alle andre bryner vart fukta med vatn frå brynbutten om han fans, frå dogg i graset eller ved å sputte på det. Strykestikka nytta dei tørr.

I Aerrivarri i Kautokeino braut dei brynestein i blokker som dei selde for 5 kr. stykket. Bryne heitte sakkungjergi på samisk. (Det frå Kautokeino er upplysningar frå Mattis Mattisen Gaup frå Kautokeino.)
På fjellvidda millom Tana elv og Laksfjord fant je sjøl eit stort brynesteinfelt av sandstein.

J. A. S.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
230